

**Fra:** Knut Inge Andersen (Knut.Inge.Andersen@vlfk.no)

**Sendt:** 07.10.2020 13:17:19

**Til:** Politisk

**Kopi:** Stian Jean Opedal Davies; Hege N. Dale; Haugland, Nils

**Emne:** Spørsmål til møte i KULII 15.10.2020

**Vedlegg:**

Fylkestinget i Vestland gjorde 9.juni 2020 følgjande vedtak i sak PS550/2020 der bokbåtdrifta av Epos vart vedteken nedlagt:

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikla mobile biblioteknester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle biblioteknester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

Epos si rute var lagt til små stader langs fjordane i Hordaland. Det var difor desse stadane som ville miste det konkrete tilbodet som Epos representerte. Større tettstader og byar har i større grad eit fungerande bibliotek- og kulturtildob.

Kan utvalsleiaren gjere greie for arbeidet og framdrifta med vedtakspunkt 1, 2 og 3 og særskilt gjere greie for korleis dei små stadane som før blei dekka av Epos, no blir ivaretekne mht bibliotek- og kulturtildob?

Med helsing

Knut Inge Andersen

Utvalsmedlem

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (FNB)